

# Planstrategi for 2016-2019



HJARTDAL  
KOMMUNE



# Planstrategi for Hjartdal kommune 2016 – 2019

## 1. Innleiing

Plandelen i plan- og bygningsloven, som trådte i kraft 1. juli 2009, inneheld føresegner som kommunen må take omsyn til i sitt planarbeid.

Pbl § 10-1 seier at kommunestyret minst ein gong i valperioden skal utarbeide og vedtake ein kommunal planstrategi.

Planstrategien skal omfatte kommunen sitt strategiske val knytt til utviklinga av kommunen som samfunn. Det gjeld både langsiktig arealbruk, verksemda ute i sektorane og ei vurdering av kommunen sitt eige planbehov i valperioden. Forenkla kan ein seie at planstrategien er «ein plan for planlegginga» dei neste åra.

Planstrategien skal vedtakast av kommunestyret innan eit år etter konstituering. Forslaget til planstrategi skal vere offentleg tilgjengeleg i minst 30 dagar før kommunestyret si handsaming.

Planstrategien har ingen rettsverknad og er ikkje formelt sett bindande for kommune. Strategien kan reviderast når som helst i valperioden. Det skal hentast inn synspunkt frå statlege og regionale organ og nabokommunar, men dei har ikkje rett til å fremme motsegn mot planstrategien.

Staten ved Kommunal og moderniseringsdepartementet har ved kongeleg resolusjon 12.06.15 fastsett nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging dei neste 4 åra. Hjartdal kommune utarbeidde sin fyrste planstrategi i 2012. Den blei revidert i 2013.

## 2. Definisjonar

I dette dokumentet vert det nytta ord og uttrykk som:

Kommuneplan

Samlebegrep som omfattar samfunnsdel og arealdel. Pbl § 11-1, 2. ledd seier at «*kommuneplanen... bør omfatte alle viktige mål og oppgaver i kommunen.*»

Kommunedelplan

Tematisk plan for større delar av kommunen (areal) eller delar av verksemda, til dømes trafikksikkerheitsplan (tema) eller omsorgsplan (delar av verksemda).

Områdeplan/reguleringsplan

Juridisk bindande planar for bestemte område (areal).

Handlingsdel


Den årlege oppfølginga av kommuneplanen og som er integrert med økonomiplanen.

## Plansystemet

Kommuneplanen er delt i to:

1. samfunnsdel med økonomiplan med ein handlingsdel og eit årsbudsjett
2. arealdel med føresegner.

Plansystemet, og samhandlinga mellom dei ulike delane er synt i skissa under.



### 3. Utviklingstrekk

#### Befolkningsutvikling og demografi

Ved utgangen av 2015 hadde Hjørdal 1 613 innbyggjarar. Det er ein nedgang på 70 innbyggjarar sidan 2000. Det har skifta mykje mellom nedgang og auke i befolkningstalet, men sett over heile perioden har det vore ein nedgang. Hjørdal har hatt ei netto innflytting på 1,6 prosent i same perioden.

SSB si folketalsframskriving syner kraftig auke i gruppa 67 til 79 år og nedgang i gruppe 6 – 15 år. Saman med folketalsutviklinga betyr dette at kommunen må ha fokus på dei to store sektorane, oppvekst og helse/omsorg, i åra som kjem.

Hjørdal kommune har teke i mot 34 flyktningar, og skal taka i mot 14 til. UNG-data undersøkinga syner at 28 % av dei unge ynskjer å bo i kommunen, det er viktig å behalde desse, og få dei til å flytte "heim" etter enda utdanning.

#### Folkehelse

Med utgangspunkt i Folkehelseprofilen 2016, som er Folkehelseinstituttet sitt bidrag til kommunane sitt arbeid med å skaffe seg oversikt over helsetilstanden i befolkninga, og kva for faktorar som kan påverkast, er Hjørdal ikkje eintydig annleis enn landsgjennomsnittet. Statstikk syner likevel at talet på unge uføre er høgare enn i Telemark og landssnittet. Folkehelseinstituttet syner ingen spesielle forskjellar når det gjeld førekomst av kreft, KOLS/astma eller hjarte – og karsjukdommar, men syner

eit høgt tal under medikamentell behandling for diabetes og høgt kolesterol. Det manglar eit systematisk tilbod for å redusere livsstilrelaterte sjukdommar.

### Næring – arbeidsplassar

Det var 236 personer som jobba i offentleg sektor i Hjartdal i 2014, og 350 personer som jobba i privat sektor. Sidan 2000 har det vore arbeidsplassnedgang både i privat og offentleg sektor. Talet på arbeidsplassar i privat sektor har gått ned med 13 frå 2000 til 2014. Offentlig sektor har også tapt 13 arbeidsplassar i den same perioden.

Ingen av kommunane i Telemark har hatt gunstige strukturelle forhold for vekst i næringslivet etter 2009. Hjartdal har likevel hatt ei mykje betre utvikling enn føresetnadene skulle tilseie, sidan vi har mange tilsette i primærnæringane og industrien, og få tilsette i dei på landsbasis store vekstnæringane. Hjartdal plasserer seg blant kommunane i landet med forholdsvis høg næringsattraktivitet (rang 119) og på tredjeplass av kommunen i Telemark. Vi ser at Hjartdal har vore mest attraktiv for dei regionale næringane og minst attraktiv for basisnæringane i denne perioden. (kjelde: Telemarksforskning 2016)

Utleige av arbeidskraft, bygg og anlegg og overnatting er det også relativt mykje av i Hjartdal. Utleige av arbeidskraft inkluderer også landbruksvikarar. Landbruk er ei viktig næring i kommunen og vi ynskjer å prioritere landbruk høg.

### Fritidsbuaren

Hjartdal kommune har nådd 2094 fritidsbustader. Vi nærmar oss tre gonger så mange fritidseigedomar som eigedomar for fast busetting (746). Lokalt næringsliv nyt godt av denne etableringa. Den kommunale tenesteytinga blir og påverka.

Tuddal vart i 2011 definert som ein typisk turiststad – med den konsekvens at all detaljhandel innanfor eit avgrensa sentrumsområde kan halde ope på sundagar og heilagdaggar.

Kommunen er via Hjartdal Elverk AS eigar av Russmarken VA AS som skal bygge ut avløpsnett og reinseanlegg i området Kovstulheia-Russmarken. Utbygginga vil gjera området mykje meir attraktiv, men planlegginga har i ein periode hatt lita framdrift. Hjartdal kommune må endre føresegnene i alle hytteplanane innanfor Russmarkens planområde slik at det kan leggast til rette for å kople seg på vatn/avløp. Dette arbeidet er ikkje lagt inn i planstrategien og må takast fortløpande.

## 4. Viktige utfordringar for Hjartdal kommune

### Folkehelse og utdanning

- Ha oversikt over helsetilstanden i kommunen og legge strategiar og gjere tiltak som forsterkar dei positive faktorane og reduserer dei negative.
- Utfasing av sosiale forskjellar, og redusere livsstilsrelaterte helseplager i befolkninga.
- Rekruttere og behalde kvalifisert personell, særleg sjukepleiarar og førskulelærarar.
- Tidleg innsats for ein god start.

### Folk og bustader

- Oppretthalde og auke folketalet.
- Regulering og utvikling av nye tomtefelt i Sauland og Hjartdal, og legge til rette for dei som ynskjer å etablere seg utafor bustadfelt. God rettviss kontroll av buplikta.
- God integrering av flyktningar i kommunen.
- Oppretthalde full barnehagedekning og god pedagogisk kvalitet på tilbodet.

### Næring – arbeidsplassar - reiseliv

- Auka utnytting av lokale ressursar.
- Auke talet på arbeidsplassar i kommune.
- Auke summen som eigarar av fritidseigedom legg att i kommunen.
- Vidareutvikling av satsinga på Gaustadtoppen og kringliggjande område.

### Det moderne samfunnet

- Auka digitalisering av kommunale tenester.
- Oppretthalde kort sakshandsamingstid på kommunale tenester som plan, landbruk, oppmåling og byggjesak.
- Oppdatere planverket i bustadfelt for å forenkle/fjerne sakshandsaminga av byggetiltak under 50 m<sup>2</sup>.
- Legge til rette for høg sanitær standard i hyttefelt, endre planar innanfor Russmarken der det i dag ikkje er mogleg med innlagt vatn.

## 5. Hjordal kommune og dei nasjonale forventningane til kommunal planlegging

I juni 2015 kom Staten igjen med sine forventningar til regional og kommunal planlegging som kommunen må leggje til grunn i sitt planarbeid. Desse er:

**Gode og effektive planprosessar:** Regjeringa legg vekt på raskare prosessar og styrka lokalt sjølvstyre i planlegginga og auka bruk av IKT. Hjordal kommune ynskjer å bruke den planmynden staten har gjeve oss. Vi har kort sakshandsamingstid, godt innanfor lovkrav, på både reguleringsplanar og byggesaker. Vi vil og prioritere oppdatering av gamle føresegner i byggjefelt for å gjere det lettare for innbyggjarane å nytte seg av dei nye moglegheitene til å byggje mindre tiltak utan å søke. Hjordal kommune deltek i Kongsbergregionen kor det er sett mål om at kommunen skal vera fulldigital innan 2019. Det står att ein god del arbeid med å digitalisere planregister og tilrettelegging for digitale søknadsprosessar i kommunen. Det er eit mål å opprette planregister vinteren 2016/2017.

**Berekraftig areal og samfunnsutvikling:** Regjeringa ynskjer å leggje til rette for auka verdiskaping, næringsutvikling, innovasjon og vekst i grønne næringar. Regjeringa ynskjer også ei effektiv arealutnytting og ei planlegging som bidreg til å skape eit miljø- og klimavennleg samfunn. Hjordal kommune har store utfordringar med flaum i Sauland sentrum, det gjer det utfordrande for ynkse om å fortette og utvikle Sauland sentrum. I arealdelen er det lagt til rette for spreidd bustadbygging i Tuddal som er avklart i høve til landbruk, naturmangfald og kulturmiljø. Det skal og utarbeidast ein plan for Hjordalsbygda som skal balansere bruk, vern og utbygging i det verdifulle kulturlandskapet. Hjordal kommune har mange arbeidsplassar innan primærnæringa, særleg innan landbruk. Samstundes har vi store areal som er verna kor vi ynskjer at det kan leggest til rette for verdiskaping og næringsutvikling rundt desse areala, basert på lokale natur- og kulturverdiar.

**Attraktive og klimavennlige by- og tettstadsområde:** Regjeringa meiner god planlegging er avgjerande for å sikre effektiv arealbruk, eit miljøvennlig transportsystem, nok bustadbygging og sunne trygge omgivelser med gode levekår for alle. E 134 går gjennom Hjordal og er og vald som hovudfartsåre mot Vestlandet. Utslepp knytta til denne er det vanskeleg for Hjordal kommune å rå med. Kommunen har i tillegg begrensa kollektivtilbod, og tre sentrum i kommunen gjer at kommunen er svært bilbasert. Trass i desse utfordringane ynskjer kommune å leggje til rette for at folk kan gå og sykle til daglege gjøremål der det er mogleg. Nytt bustadfelt på Åsen er lagt nær skule og barnehage i Sauland. Det skal byggast ny skule og omsorgssenter. Universell utforming vert viktig i begge desse prosessane.

## 6. Mål for planarbeidet

Hjordal kommune sitt planarbeid skal vere prega av:

- Ein raud tråd gjennom heile plansystemet
- Ikkje fleire planar enn nødvendig
- Forankring av konkrete tiltak i økonomiplan og budsjett
- Realisme

Hjartdal kommune sine planar skal vere eit utviklings- og styringsverktøy på kort og på lang sikt. Planane skal skape forutsigbare og klare rammer for kommuneorganisasjonen, kommunen sitt næringsliv, innbyggjarar og andre brukarar av kommunen sine areal og verksemdar.

## **7. Evaluering av planstrategi og planarbeid**

Hjartdal kommune utarbeidde sin fyrste planstrategi etter valet i 2011. Strategien blei revidert i 2013 då den viste seg å vere noko optimistisk med tanke på dei ressursane kommunen rådde over. Også den reviderte strategien var noko offensiv, og alle planoppgavene vart ikkje gjennomført. Hjartdal kommune er ein liten kommune, med relativt få planar. Det er viktig å prioritere kommunens ressursar på dei rette planane. Kommuneplanens arealdel vart revidert i 2013, motsegna vart endeleg trekt i 2015. Då arealdelen er relativt ny, og enda ikkje nytta i særleg grad, samstundes som det er rikeleg med nytt areal til utbygging, vel Hjartdal kommune å ikkje revidere arealdelen i denne kommunestyreperioden. Det vil taka for mykje ressursar, og gjere det vanskeleg å prioritere andre planar det er større behov for. Samfunnsdelen er under revisjon og venta vedteken i 2016, Hjartdal kommune har gjort eit konkret val om å ha få planar, og difor skal mange tidligare temaplanar inngå i samfunnsdelen og handlingsdelen til økonomiplanen.

Kommunen har ikkje lagt til rette for særleg medverknad ved utarbeiding av planstrategien. Vi meiner planstrategien er ei prioritering og planlegging av kommunens planressursar, lovpålagte og valfrie, og at den er lite eigna til større offentleg debatt.

## **8. Kommunal planstrategi**

Nokre sektorar har planpåbod etter særlov, medan det for andre sektorar er frivillig om kommunen skal utarbeide kommunedelplanar/temaplanar eller ei. For å få til ei heilskapleg politisk styring og prioritering er det viktig at verksemdar/sektorar i kommunen har god planlegging. Hjartdal kommune ynskjer få temaplanar, og har vald å inkludera flest moglege tema i kommuneplanens samfunnsdel og handlingsdelen til økonomiplanen.

Folkehelsemeldinga for 2014-2015 er eit viktig bidrag til kommunal planlegging. Her presenterer regjeringa strategiar for å styrke folkehelsearbeidet og legge til rette for sunne helseval.

Gode detaljreguleringsplanar for bustadområda vil vere med på å gjere kommunen til ein attraktiv stad å etablere seg. Det er viktig å kunne tilby bustadtomter av ulik karakter og i ulike område av kommunen. Ved å i tillegg legge til rette for spreidd busetnad i Tuddal og Hjartdal, vil etablerarar ha valfridom. I Sauland sentrum skal boligbygging hovudsakleg skje i regulerte bustadfelt.

Behovet for møteplassar er stort. Ved å fokusere på Fossen-området i tillegg til dei etablerte sentrumsområda, vil kommunen vere med på å legge grunnlag for at folk sjølv kan vere med på å skape gode møteplassar.

Hjartdal kommune sit ikkje på mykje areal regulert til næringsverksemd, men målet med å vitalisere Ørvella Industriområde, er å opne for fleire etableringar.

Hjartdal kommune deltek i samarbeidet i Kongsbergregionen. Det er fleire planoppgåver i dette samarbeidet som best kan løysast i samarbeid i regionen, då problemstillingar knytt til næring, busetting og befolkning også går over kommunegrensar. Det vil vere naturleg at kommunen deltek i slike planarbeid sjølv om det ikkje er tatt med i planstrategien.

Kommunereformen vil kunne krevje store administrative og politiske ressursar i åra som kjem. Det er ikkje sett av konkrete planressursar til planarbeid relatert til kommunereformen i denne perioden. Behovet her vil avhenge av resultatet, og Hjartdal kommune vil ved behov revidere planstrategien, slik det ble gjort i førre periode.

## Planstrategi for kommunestyreperioden 2016 – 2019

Plan	Lovpålagt	Status	2016	2017	2018	2019
<b>Overordna planer</b>						
Samfunnsdelen	Ja	rulleras 2016	vedtak			
Økonomiplan/handlingsdel	Ja	vedtatt 2015	rulleras	rulleras	rulleras	rulleras
ROS	Ja	vedtatt 2015	ved behov			
Beredskapsplan overordna (politisk)	ja	vedtatt 2015				rulleras
Beredskapsplan del II - strategisk	Ja	vedtatt 2015	rulleras	rulleras	rulleras	rulleras
<b>Temaplanar</b>						
Rehabiliteringsplan, 2000	Nei	vedtatt 2000		oppstart	vedtak	
Beredskapsplan for helse og sosiale tjenester inkl. smittevernplan, pandemiplan og tuberkulosekontrollprogram	ja		vedtas			
Kriseplan/POSOM-plan	Ja	vedtatt 2016	rulleras	rulleras	rulleras	rulleras
Ruspolitisk handlingsplan	Ja	vedtatt 2014				
Plan for den Kulturelle skulesekken	Ja, tilskott	vedtatt 2016	vedtatt			rulleras
Plan for idrett og fysisk aktivitet - strategisk del	Ja, tilskott	vedtatt 2016	vedtatt	rulleras		rulleras
Kompetanseutviklingsplan, skule og barnehage	Ja, tilskott	vedtatt 15/16	vedtatt		rulleras	
Pedagogisk utviklingsplan	Nei	vedtatt 2016	vedtatt	rulleras	rulleras	rulleras
Trafikksikkerheitsplan	ja, tilskot	vedtatt 2013		rulleras		rulleras
Handlingsplan for busetting og integrering av flyktningar	Nei	vedtatt 2013	rulleras			
Rammeplan avlaup Breivatn område H1	Nei	mangler		oppstart		
Rammeplan – avløp for Kovstulheia frå 2008	Nei	vedtatt 2012				
Årsplan for sektorane/verksemdene	nei	årleg	rulleras	rulleras	rulleras	rulleras
<b>Arealplaner</b>						
Kommuneplanens arealdel	Ja	Vedtatt 2013				
Kommuneplanens arealdel - føresegner	Ja	Vedtatt 2013		Mindre endring		



KDP sti og løyper	Nei	under arbeid		vedtak		
Kommunedelplan Nordbygda, Hjørdal	Ja	manglar		oppstart	vedtak	
Moen massedeponi – til næring	Nei	manglar				oppstart
Ørvella 1 Industriområde (1982)	Ja	ikkje behov				
Ørvella 2 Industriområde (2002)	Ja	ikkje behov				
Bustadområde Gvåle (1985)	Ja	ikkje behov				
Moen Bustadfelt (1999)	Ja	ikkje behov				
Bø Bustadfelt (1983)	Ja	ikkje behov				
Øvstebø Bustadfelt (2008 (delvis))	Ja	nye føresegner	endras			
Øygardsjordet Bustadfelt (del av Sauland sentr.)	Ja	nye føresegner	endras			
Øygardsjordet 2 Bustadfelt	Ja	nye føresegner	endras			
Frøland Bustadfelt I (1978)	Ja	nye føresegner		endras		
Frøland Bustadfelt II (1986)	Ja	nye føresegner		endras		
Staurhaugen Bustadfelt	Ja	uklart behov				Ved behov
Bustadområde Holm (del av KDP Nordbygda)	Ja	ikkje behov				
Øygardsjordet Industriområde (1983)	Ja	ikkje behov				
Bruluten Industriområde (1986)	Ja	ikkje behov				
Heddal Mølle – Omnesfossen (1998)	Ja	ikkje behov				
Omnesfossen (1987)	Ja	ved behov				